



Åge Natås
Mykingvegen 314
5913 EIKANGERVÅG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/1196 - 20/2025

Saksbehandlar:
Per Sveinar Morsund
per.sveinar.morsund@alver.kommune.n
o

Dato:
14.01.2020

Førebels svar med trong for tilleggskontroll - gbnr 209/43

Tiltak: Garasje
Byggjestad: Gbnr: 209/43
Tiltakshavar: Åge Natås

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 06.01.2020.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Kommunen meiner at også nabo med gbnr 209/44 bør varslast om tiltaket.
2. Vedlegg «Opplysningar gitt i nabovarsel» manglar.
3. Størrelse på garasje er mellom 50-70 m². Kravet om avstand til nabogrense er då 4 meter. Tiltaket må anten flyttast lengre vekk frå grensa eller det må søkast om dispensasjon frå avstandskravet. Alternativt kan du sende inn erklæring der nabo, eigar av gbnr. 209/1, samtykker til omsøkt plassering. Søknad om dispensasjon krev grunngjeven søknad og at naboar vert varsla om at du søker om dispensasjon. Garasje på inntil 50 m² med gesims på maks 3 meter og møne på maks 4 meter kan byggast inntil 1 meter frå eigedomsgrense.
4. Søknadsblankett er mangelfullt utfyllt, det manglar informasjon om arealdisponering og grad av utnytting på eigedommen.
5. Det må ved supplerings av søknad sendast inn ny situasjonsplan som viser at tilkomst til garasje og snuareal kan skje på eigen eigedom.
6. Det manglar snitt-teikning, planteikning for eventuelt loftsareal og fasade teikning for alle sider av tiltaket.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 01.03.20. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søker om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsinkelsar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune

Per Sveinar Morsund
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

dispensasjon NKF-veileder
naboerklering skjema

Mottakarar:

Åge Natås

Mykingvegen 5913
314

EIKANGERVÅG